



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Anniken Friis, 5557 2323

Vår dato  
21.11.2011  
Dykkar dato  
23.06.2011

Vår referanse  
2010/135088 432.4  
Dykkar referanse

Stord kommune  
Postboks 304  
5402 Stord

### Fylkesmannen godkjenner forvaltningsplan for Hystad naturreservat

Vi viser til forvaltningsplan for Hystad naturreservat som ble oversendt Fylkesmannen for godkjenning i september 2011. I forordet er planen datert Stord 24. 04.2011.

#### Merknader til forvaltningsplanen

Kommunen har utarbeidd ein god, ryddig og oversikteleg plan, som vil trur vil bli svært nyttig som grunnlag for vidare forvaltning av Hystad naturreservat. Vi viser ikkje minst til bevaringsmåla og til planlagde tiltak, slik det framgår av vedlegg 6 og 7.

Kommunen har gjennomført høyring av planframlegget, der det kom inn 5 høyringsuttaler. Planen vart handsama av Komité for næring, miljø og kultur i møte 23. august 2011, jf sak 19/11.

Fylkesmannen har merka seg høyringsuttaler som gjeld heving av standarden på utvalte punkter langs turstien i reservatet. Som det framgår av kommunens saksframlegg må dette skje innafor ramma som er gitt i verneforskrifta og gjeldande reguleringsplan. Kommunen må som forvaltningsstyresmakt på vanleg måte handsame eventuelle søknader om endringar eller ombygging av stien.

Spørsmålet om etablering av rundløype i området er ikkje relevant for forvaltningsplanen, då dette vil gjelde areal utafør vernegrensa.

Fylkesmannen arbeider med å fremje forslag til endring av grensa for naturreservatet. I tillegg til grensejusteringa i Mjelkevikjo vil vi ta med forslag om å inkludere heile området med automatisk freda kulturminne, jf høyringsuttale frå Hordaland fylkeskommune. Forslag til slik forskriftsendring vil bli fremja i tråd med sakshandsamingsreglane i naturmangfaldlova.

#### Vedtak:

Fylkesmannen i Hordaland godkjenner følgjande forvaltningsplan:

”Stord kommune. Forvaltningsplan for Hystad naturreservat. Verneverdiar, bevaringsmål og forvaltningstiltak.”

Eventuelt klage på vedtak om godkjent forvaltningsplan kan sendast Fylkesmannen i løpet av 3 veker etter at kommunen er gjort kjent med vedtaket.

**Informasjon om godkjent plan**

Godkjent forvaltningsplanen vil bli lagt ut på Fylkesmannens nettside. Fylkesmannen ber kommunen også legge planen på si nettsider og sende den til høyringspartane til orientering, jf forvaltingshandboka kap 5.3.4.<sup>1</sup>

Fylkesmannen ønsker lykke til vidare i arbeidet med forvaltning av Hystad naturreservat.

Med helsing

Terje Aasen e.f.  
fylkesmiljøvernssjef

Egil Hauge  
seksjonssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi:  
Direktoratet for naturforvaltning.

---

<sup>1</sup> DN- håndbok 17 – 2008 <http://www.dimat.no/content/1191/Omradevern-og-forvaltning>